

«Kartlegging av behov for auka lagerkapasitet for husdyrgjødsel i Hordaland»

Prosjektomtale

Bakgrunn

Manglande lagerkapasitet for husdyrgjødsel er ei utfordring, særleg i mjølkeproduksjonen. Grunnen til dette er auka gjødselmengder per ku, større vassmengder brukt i mjølkeproduksjonen, opne utandørs gjødsellager som samlar opp nedbør og ikkje minst auka produksjonsomfang, både som følge av større avdrott og større buskarar hos mange av dei som driv mjølkeproduksjon. Fulle gjødsellager fører til spreining av husdyrgjødsel til ugunstige tider på året, auka fare for avrenning og dårleg utnytting av næringsstoffa i husdyrgjødsla.

Klimagasstap frå husdyrgjødsel skjer både under lagring og spreining og omfattar metan og lystgass. God utnytting av husdyrgjødsla vil redusere klimagasstapet frå husdyrgjødsel, redusere behov for mineralgjødsel og dermed redusere utslepp av klimagassar under produksjon og bruk av mineralgjødsel.

Behandling av husdyrgjødsla i biogassanlegg reduserer utsleppa av metan, lystgass og ammoniakk. Metan kan brukast som biodrivstoff og kan erstatte fossilt drivstoff. Over 36 000 tonn organisk gjødseltørrstoff vert lagra i Hordaland kvart år. Ved å behandle 30 % av husdyrgjødsla i biogassanlegg kan det årlege klimagassutsleppet frå landbruket reduserast med om lag 7000 tonn CO₂-ekvivalentar.

Mål

Kartlegging av behovet for auka lagerkapasitet for husdyrgjødsel i Hordaland, med geografisk lokalisering

Metode

1. Utplukk av aktuelle produsentar

Sidan det er relativt enkelt å få oversikt over bruk med svin og fjørfe skal kartlegginga omfatte berre storfe. I 2013¹ vart det søkt om tilskot til 10 901 mjølkekyr på 601 einingar i Hordaland. Av desse hadde 256 einingar fleire enn 15 kyr. Om lag 68 % av alle kyr i Hordaland er på bruk med fleire enn 15 kyr. Det var 331 einingar som søkte om tilskot til i

¹ Landbruksdirektoratet, PT-912 omgang 131410

alt 2 791 ammekyr. Berre 9 av einingane med ammekyr hadde fleire enn 25 ammekyr, totalt var det 322 ammekyr på desse einingane. Vi vil derfor avgrensa kartlegginga til å gjelde bruk med mjølkeproduksjon. Alle mjølkeproduksjonsbruk skal plasserast på kart etter storleik. Det skal gjerast eit utplukk mellom dei 256 einingane med over 15 kyr som skal intervjuast.

2. Intervju med utplukka mjølkeprodusentar

Kartlegging under intervju:

Gjødselproduksjonen: Tal mjølkekyr, ungdyr, mjølkekvote, mjølkeavdrott, type fjøs (bås, lausdrift, robot for å estimere vasstilsetting). Anna tilsetting enn vatn?

Eksisterande lagerkapasitet: Type, storleik og plassering. Med eller utan tak.

Kor mange månader kan ein lagre husdyrgjødsel i med dagens gjødsellager?

Spreiing av husdyrgjødsel: Storleik på areal (inkludert beite) gjødsla blir spreidd på. Tidspunkt for spreiiing. Spreiutstyr og spreiekapasitet. Tilsetting av vatn. Er spreiearealet stort nok, og vert gjødsla etter eiga meining, utnytta optimalt?

Investeringsbehov: Produsentane sine eigne vurderingar av investeringsbehov i lager- og spreiekapasitet.

Er det planar for auka/reduisert driftsomsfang næraste åra som vil krevje auka lagerkapasitet for husdyrgjødsel/overskot på lagerplass?

Er det mogleg å leige lagerkapasitet hos andre?

3. Rapport

Rapporten vil innehalde oversikt over:

- Kartfesting av produsert husdyrgjødselmengde innan korte transportavstandar
- Behovet for auka lagerkapasitet i Hordaland neste 5-10 år. Kva betyr ei auke frå 8 til 10 mnd lagerkapasitet?
- Investeringsbehovet for å auke lager- og spreiekapasiteten
- Korleis verkar det inn på lønnsmda at trong for lager- og spreiekapasitet aukar?
- Klimagassgevinst ved auka lagerkapasitet
- Aktuelle stader for etablering av biogassanlegg utifrå produsert mengde husdyrgjødsel og behov for auka lagerkapasitet

Samarbeid

Karleggjinga vil bli gjort i eit samarbeid mellom NIBIO Fureneset (tidlegare Bioforsk) og NIBIO Bergen (tidlegare NILF). Ansvarleg for prosjektet på Fureneset er Synnøve Rivedal og i Bergen Heidi Knutsen.

Tidsplan

Aktivitet	Ferdigstilling	Ansvar
Utplukk produsentar	30.september	NIBIO Bergen
Utforming spørjeskjema	30.september	NIBIO Fureneset v/Synnøve Rivedal og NIBIO Bergen v/Heidi Knutsen
Intervju	31.oktober	NIBIO Fureneset ved teknisk personale
Berekningar og analyse	15. november	NIBIO Bergen og Fureneset
Rapport	20.desember	NIBIO Fureneset v/Synnøve Rivedal

Kostnadsplan

Aktivitet	Kostnad
Utplukk, utforming spørjeskjema, tilrettelegging	20000
Intervju	30000
Berekning og analyse	30000
Rapport	30000
Totalt	110000